

**Underskriftsliste mot eigedomskatt**

06.02.2009

**Kjell Ivar Bjørgen på Halsnøy har starta ein listeaksjon mot innføring av eigedomskatt i Kvinnherad og lista er også lagt ut på SPAR i Uskedalen.**

**Ved stengjetid fredag kveld hadde 37 skreve under på lista.**

Lista peikar på at ein slik skatt vil gje den gjennomsnittlege innbyggjar og hytteeigar i kommunen betydelege meirutgifter og som alltid vil innføringa ramma dei med dårlegast inntekt mest.

Eigedomskatten skal opp til handsaming kvart år og slik stoda er i dag må ein rekna med at politikarane etterkvart vil bruka maksgrensa som er sju promille.

Har du med andre ord eit husvære taksert til ein million, får du ein tilleggsskatt på 7.000 kroner, blir det opplyst i lista.

Av Ola Matti Mathisen